

# DEN NORSKE KYRKJA

## Bjergvin bispedøme

Kultur- og kirke departementet  
Pb. 8030 Dep.  
0030 OSLO

ok-23

Kultur- og kirke dep.	
KI	
Saksnr. 200601378	Dato. 15.08.06
Kode. Ki-201	Beh. ....

Dato: 18.07.2006

Vår ref: 06/309-2 LRA

Dykkar ref:

### Høyringsfråsegn frå Bjergvin biskop og Bjergvin bispedømeråd- Forslag til forskrift om kvalifikasjonskrav for tilsetning som kyrkjelydsprest

Vi viser til brev frå departementet av 09.06.06 der biskop og bispedømeråd vert utfordra til å kome med fråsegn i høve forslag til forskrift om kvalifikasjonskrav for tilsetning som kyrkjelydsprest. Etter vårt syn har arbeidsgruppa gjort eit godt arbeid på eit område der det trengs både oppklaring og presisering.

Bjergvin biskop og bispedømeråd har følgjande kommentar til utvalget sitt forslag:

1. Bjergvin biskop og bispedømeråd tek til følgje føresetnaden om å dele noverande tilsetningsforskrift i to regelsett.
2. Endringar i universitets- og høgskulelovene som er knytt til ny gradsstruktur påvirker presteutdanninga i Noreg. Det vert meir rom for ulike fagkombinasjonar i oppbygginga av ein grad. Vi stør at godkjenning av utdanning framleis vert lagt til eit fakultet med rett til å tildele cand. theol. graden. Det er ryddig for tilsettingsorganet å forhalda seg til.
3. Bjergvin er godt nøgd med den utviklinga som har vore i høve Veggen til presteteneste (VTP). Biskopen ser at samlingane så langt har gjeve studentane høve til utvikling og personleg mogning. Det vert lagt ned mykje administrative og økonomiske ressursar i ordninga. Ein må difor kunna forventa at erfaringane frå VTP vert vektlagde, ikkje minst for å kunna sila ut studentar som ikkje syner seg personleg eigna i høve presteteneste. Dette både for deira eigen del og for kyrkja sin del.

I kva grad VTP skal inn som del av eit tilsetningsreglement vil vere avhengig av kva praktiske konsekvensar dette får. Ved tilsettingar ligg det i dagens ordning ikkje noko dokumentasjon på at søkjarane har gjennomgått VTP. Det er såleis uvedkommande for tilsettingsprosessen etter dagens ordning. Ved at VTP vert stilt som eit formkrav i samband med tilsetningsforskrifta, vil det krevjast skriftleg attest på fullført VTP frå vedkommande biskop. Denne endringa vil etter vår meining styrkja VTP sin formelle status. Elles kan ein kome i ein


situasjon der ein kandidat som ikkje vert tilrådd ordinasjon av biskopen i VTP, likevel vil kunne verte tilsett av tilsettingsorganet under føresetnad av ordinasjon. Det vil skape ein uoversiktleg rettstilstand i tilsettingssaker.

4. Det bør vera høve til ein tilpassing av VTP for kandidatar som vert godkjent av evalueringnemnda eller har annan godkjent utdanningsbakgrunn og relevant realkompetanse.
5. Bjørgvin biskop og bispedømeråd har merka seg at det er ulikt syn i arbeidsgruppa på i kva grad evalueringnemnda skal vurdere om søkjarar etter kategori A er eigna for presteneste. Etter vårt syn kan ein ikkje kome utanom ein viss grad av utsiling, tilsvarende det som skjer ved dei teologiske utdanningsinstitusjonane. Godkjenning på reint formelle grunner vert lett tolka som eit ja til presteneste av dei dette gjeld. Seier så biskopen nei, vil dette lett kunna føra med seg unødig aggresjon og vonbrot.
6. Vi stør utvalet sin argumentasjon for at det skal krevjast politiattest for prestestillingar generelt.
7. Det bør framleis vere slik at biskopen fremjer søknad om fråvik av kvalifikasjonskrava for aktuelle kandidatar. Når det gjeld klagerett ved avslag er det naturleg at ein endrar praksis i tråd med forvaltningslova slik at både kandidaten det vert søkt om godkjenning for, og biskopen som søker, vil ha klagerett.
8. Når det gjeld autorisasjon som prest i Den norske Kyrkja, er vi samd i at det er avgjerande at kunnskap om og interesse for å setje seg inn i norsk kyrkjeehistorie, kyrkjerett og liturgi må kunne etterspørjast og vektleggast i samband med biskopens godkjenning. Her vil munnleg og skriftleg formuleringsevne og vere eit viktig kriterium. I utgangspunktet er vi kritisk til å tilsette prester med mykje kortare formell utdanning enn dei kvalifikasjonskrava som vert lagt til grunn for norsk presteutdanning. Det vil vere naturleg at desse kandidatane vert rangert lågare på søkjarlista enn kandidatar med 3 års lengre utdanning.


Med helsing



Biskop Ole D. Hagesæther



Magne Skjeldal  
Bispedømerådsleiar



Liv Rønningen Ågønes  
seksjonsleiar  
Direkte innval: 55 30 64 84